

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29.

Fylke: Møre.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Haram

Emne: Jolenissen.

Bygdelag: Skuløy.

Oppskr. av: Karl Rogne.

Gard: Rogne.

(adresse): Longva, Skuløy.

G.nr. 7 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eigi røynsla.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Jolenissen er av nyare dato, kanskje ikkje eldre enn ei 30 aar her i bygdi. Paa joletrefestar fpr born er han no ein fast "gjest" aa segja. Mykje sjeldan i heimane. Um han fyrst vart kjend gjenom jolekort o.l.tor er eg ikkje segja for visst.

(Nissen var derimot kjend fraa gammalt. Han heldt seg helst i løda og kunde gjera skil eller uskil paa kyrne etter som husens folk stelte seg mot honom).

2. Jolenissane (helst tvo) ber gaavone i kvar sin sekk og deler ut til borni kvar sin pakke med ymse godt i. I den er alt kvar skal ha. Kvart barn takkar nissen upp i handi for gaava. Det er løni dei får for strøvet sitt, og so ein pakke liksom dei andre borni.

3. Tvo av dei større skuleborni klæder seg ut til jolenisse. Dei maa ikke vera sers store, for nissen skulde vera litenvoren, trudde dei.

4. Han hev støtt maske med kvitt skjegg, og so stav. Elles maa han vera so klædd at han er ukjenneleg, so det er ikkje noko visst med paaklædningi. Jamnast hev han raudhova med lang dusk. Sumtid og sydvest.

5. Masken er jamnt kjøpt, men ikkje det andre utstyret.

6 og 7. Det er ikkje bruk saa jolebukk eller jolegeit.

2. blad.

8. Det er ikkje utenkjande at den nye jolenissen hev sin grunn i den gamle husnissen som heldt til i løda som ovanfor nemnt.

9. Nei.

NB! Dei gamle nemnde fleire vette som dei trudde var til utanum nissen. Det var hulder og kuldrekall, bokken (haugbokken), utala bøkkjinn, dvergen, nykken og utburden. Attaat desse var det havfru og havmann. Dessutan fyreferd og ettergangar.

5141.

Hartdøgje